g" for fotturistar i herandsfjella, påpei-
fleirtalet.

Oppe ved vatnet opnar landskapet seg nye utsyn. Elva med fossar og stryk Vidal til Fodnastøl vil vera eit urørt fang, går det fram av innstillinga til munestyret. Politikarane støttar He-kraft sitt ynske om å installera ein rator på inntil 28 megawatt i kraftsta-n og leggja jordkabel derfrå til den erande 22 kilovolt-lina til Hardan-nergi AS.

ndretalet ynskjer vassintak nedan-ssen.

# l få
# ar

de betaling eller straumrasjone-temet set KK i stand til å lesa av rar og styra forbruket i einskild-r.

**ara**

rge syner ein del av dei under-målarane feil verdiar berre når er mindre enn 23 watt eller 0,1 å lågt forbruk finn ein i prak-hytter, og "årsrabatten" utgjer e meir enn fem kroner per år,

ferrariske målarar kan vera rdi dei har roterande hjul og e opplyser at KK sin kostnad inga truleg vil verta om lag ar kroner. Utskiftinga skal et-ta til i andre halvår i 2011 og 2013.

... AS, som sa opp avtalen frå årsskiftet. Eigedomen var i 2005 taksert til ein marknadsverdi på 750.000 kroner. Byggjekostnaden for eit nybygg ville vore 5,5 millionar. Tomta vart taksert til 150.000 kroner.

Rådmannen meiner ein må innsjå at tida er ute for tradisjonelle møbelverkstader i Jondal.

## Avsluttar samarbeid

Skyss avsluttar samarbeidet med Travelnet Hardanger reisebyrå AS etter fleire tiår. Grunnen er ei omlegging av billettsystemet i Skyss. Dagleg leiar i Travelnet Hardanger, Helga Tverdal i Odda, tykkjer det er "svært beklageleg" at byrået ikkje lenger kan gje ruteinformasjon og selja Skyss sine lokalbillettar.

Skyss tilbyd Travelnet Hardanger å vera kommisjonær for elektroniske billettar, men det takkar Tverdal nei til.

– Det ville kosta opplæring og arbeid, utan at me ville fått nok att for det, seier Tverdal.

I det nye systemet ville reisebyrået fått sju prosent provisjon på billettsalet, mot ti prosent før. Skyss kunne heller ikkje lova ein viss omsetnad, som før, opplyser den daglege leiaren i reisebyrået.

Travelnet Hardanger var i mange år eit HSD-reisebyrå, og deretter delvis eigt av HSD og Tide frå 1989 til 2005. Travelnet Hardanger har hovudkontor i Odda og avdelingar i Norheimsund og på Husnes.

## Drivenes i Sverige

Erlend Drivenes frå Tørvikbygd vart laurdag nummer 85 på 15-kilometeren i fristil i Skandinavisk cup i langrenn. Rennet – eitt av 11 i cupen – gjekk i Torsby i Värmland. Drivenes kom i mål på tida 42.23,3 minutt. Vinnaren hadde nesten tre og eit halvt minutt betre tid enn Drivenes. Kvemmingen låg på 108. plass ved fem kilometer, og gjekk seg opp mot slutten av løpet, som hadde 154 deltakarar.

Drivenes vart sundag nummer 91 i 20 kilometer fellesstart. Også i det løpet gjekk han inn den eine konkurrenten etter den andre mot slutten. Han kom i mål 5.45 minutt etter vinnaren, med tida 49.43,8.